



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

15. jan. 2007

Høyring – forslag til endringar i lov om fagskuleutdanning

Innledning

Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon (NNH) har i sitt Utdanningsdokument og kvalitetsikringsprogram visjonar om ei fagutdanning på høgskulenivå. For at ein slik visjon kan realiserast, ser vi det som mest fornuftig at bransjen tek dei nødvendige stega mot dette målet ut ifrå ei realitetsorientering av situasjonen her og nå.

Vegen mot høgskulenivå vil bety at bransjen må driva ei kontinuerlig kvalitetsutvikling innan mange område som vi i dag har for liten kompetanse i. Dette gjeld spesielt pedagogisk fundert lærarkompetanse, forskning og administrative/lovrelaterte forhold. Sidan mennesket er den viktigste ressursen i ei slik målsetning, vil utviklingsarbeidet nødvendigvis ta tid og må mognast over fleire år gjennom målretta innsats.

Etter vår vurdering kan fagskulestrukturen fungera som ei mellomløyising mot eit høgare utdanningsnivå. Dei ulike undervisningsinstitusjonane vil her få høve til å koma inn under kvalitetsikra offentlege rutinar og pålegg som både vil styrkja utvikling av lærekrefter, administrative/lovrelaterte forhold, fagutvikling og skapa betre rettsforhold for studentane. Eit eventuelt samarbeid med ulike høgskuler om kompetansegodkjenning for vidare studier, kan også inngå i ein slik prosess – jfr. departementets merknader i Ot.prp.nr. 32 - 4.5 Forholdet til høgere utdanning og studiepoeng. Vi ser også for oss at undervisningsinstitusjonane med ei slik løysing kan få til ein meir forutsigbar økonomi som gjer det lettare å driva med utviklingsarbeide og kompetanseheving.

Inngangskompetanse/utvida turnus – praksisår

Tidsrammen innanfor fagskulelovgjevinga er minimum eit halvt studieår og maksimum to studieår. Studiet skal byggja på vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse, og vera ei avslutta og sjølvstendig utdanning utan vidare studier som ein nødvendig forutsetning for arbeid.

I NNH sitt Utdanningsdokument tek vi til orde for at ei yrkesretta naturterapeutisk utdanning bør vera samansatt av både det som er nemnt som generelle fag (rettslære, praksisrelaterte fag, forskingsmetodikk/vitenskapsteoriar, etikk og pedagogikk/psykologi), naturmedisinske grunnfag, grunnmedisinske fag og minimum to naturterapeutiske fag.

Innanfor tidsramma fastsett i fagskulelovgjevinga, kan eit slikt studieomfang bli for omfattande i forhold til einskilde terapifag. NNH ynskjer derfor ei oppmjuking av lov og

forskrifter når det gjeld undervisningsinstitusjonane sin rett til sjølv å fastsetja krav til inngangskompetanse eller utvida turnus/praksisår utover den tidsramma som er nedfelt nå.

Dersom vi ikkje får til ein fleksibilitet omkring denne problematikken, vil store delar av utdanninga innan bransjen bli ståande i eit «vakum» mellom fagskule - og høgskulelovgjevinga. Det burde vera i alles interesse å få til ordningar som gjer at bransjen kan få høve til å utvikla seg innan meir ordna forhold enn det som skjer i dag. Vi har å gjera med ein ung fagtradisjon som utan tvil er komen for å bli. Bruken av våre tjenester er aukande i befolkninga, og omsynet til brukaren burde tilseia at styresmaktene skapar fleksible ordningar som tek utgangspunkt i den utviklingsfasen bransjen står inne i.

Det ville vera naturleg i denne samanhengen at departementet inviterte NNH i samarbeid med SABORG (sammenslutning av alternative behandlerorganisasjoner) for å drøfta dei spesielle behova bransjen har med omsyn til kvalitetsutvikling og kompetanseheving.

Institusjonsgodkjenning

NNH er samd i departementet sine forslag vedrørande meir fleksible godkjenningsordningar som også opnar for institusjonsgodkjenning etter nærare utarbeida forskrifter. Med det fagspekteret som eksisterar innan alternativ behandling, vil slike ordningar spare ressursar og føra til mindre byråkrati.

Sensorarbeid

Nokre fagkretsar innan alternativ behandling har karakter av å vera pionerarbeid. I slike tilfelle vil læraren eller eit fåtall av lærarar vera dei einaste som har kompetanse i faget/fagkretsen. Sidan det er krav om at sensor skal vera uhilda med omsyn til undervisningsinstitusjonen, kan habilitetsspørsmål i slike tilfeller vera vanskelege. Ein ber difor departementet om at det blir utarbeida forskrift/reglar for korleis ein skal handtera slike problemstillingar.

Samandrag

NNH ynskjer:

- ei oppmjuking av lov og forskrifter når det gjeld undervisningsinstitusjonane sin rett til sjølv å fastsetja krav til inngangskompetanse eller utvida turnus/praksisår utover den tidsramma som er nedfelt nå.
- at departementet utarbeider forskrift/reglar for sensorordningar i fag/fagkretsar om har karakter av å vera pionerarbeid.
- at departementet inviterar til eit møte med NNH og SABORG for å drøfta dei spesielle behova bransjen har med omsyn til kvalitetsutvikling og kompetanseheving.

Med helsing
John Petter Lindeland
Ledar NNH

Sigrun Kirkeberg
Gen. sekr.